Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
03.11.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/11228 542.1
Dykkar referanse

Fjon Bruk AS
v/ Alsaker Fjordbruk AS

Endeleg rapport t frå inspeksjon ved Fjon Bruk AS den 2. september 2015

Rapportnummer: 2015.005.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Ove Gjerde
Lena Vermedal
Harald Mundal
Ivar Rykkje
Bjarne Våga
Helge Asbjørn Daae (på telefon)

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Tom N. Pedersen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Etter attendemelding frå Fjon Bruk AS har vi gjort endringar på formuleringane i avvika.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik innan følgjande tema under inspeksjonen:

- vilkår i utsleppsløyve
- internkontroll for ytre miljø

Avvika er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Fjon Bruk AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 31. desember 2015 på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Sissel Storebø
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Sveio kommune

1. Informasjon om verksemda

Namn: Fjon Bruk AS	**Risikoklasse:** 2
Besøksadresse: Ålfjordvegen	
Postadresse: 5550 Sveio	
E-post: ove.gjerde@fjordbruk.no	**Telefon:** 53430109
Kommune: Sveio	**Organisasjonsnr**.: 984 180 993
Bransjenr. (NACE-kode): 03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert fiskeoppdrett	**Eigar (org.nr.):** 983 664 490
Løyve sist oppdatert: 22. juni 2012	**Siste tilsyn:** 29.08.2013

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Fylkesmannen har mottatt fleire klagar frå busette i området kring settefiskanlegget på Fjon Bruk AS i Sveio kommune. Klagene har omfatta utslepp av lukt som vi har mottatt ved fleire høve, både i form av brev til Fylkesmannen datert 10. juni 2013 og e-post til Fylkesmannen frå Sveio kommune datert 24. august og frå nabo datert 26. august 2015. Klage på forureining og utslepp frå anlegget har vi fått i fleire e-postar seinast 26. august 2015 og per telefon.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- utsleppskontroll
- drift og førebyggande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- krav i utsleppsløyve datert 22. juni 2012
- mottekne klagar

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 31. desember 2015 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 31. desember, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50.000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Som varsla under tilsynet skal Fjon Bruk AS betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 2. Dette betyr at de skal betale 15.900 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- utsleppsløyvet datert 22. juni 2012
- dokumentasjon som verksemda la fram under tilsynet

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre forhold:** Saker som framkom under inspeksjonen og som kan vere nyttig for verksemda å vite om. Her kan også tema som vart diskutert under inspeksjonen inngå, men der det ikkje blei gitt avvik eller merknader.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda driv ikkje i samsvar med delar av løyvet

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet datert 22. juni 2012

Kommentarar:

1. I utsleppsløyvet punkt 2.1 er det sett krav om at avlaupsvatnet skal reinsast i silanlegg, mekanisk sedimenteringsanlegg eller anna type reinseanlegg som oppfyller kravet om minst 50% reduksjon av organisk stoff. Kravet kan og formulerast som minst 70 % reduksjon av suspendert stoff (partiklar større enn 0,45 mm) .
2. I punkt 4 i utsleppsløyvet er det sett krav om miljømål for resipienten. I utsleppsløyvet er det sett krav om at miljøtilstanden i resipienten på det djupaste punktet i Ålfjordbotnen skal minst ha tilstandsklasse II, slik vassforskrifta set krav til miljøtilstand.
3. Punkt 5 i løyvet seier at «drifta skal gå føre seg slik at på ein slik måte at dei ikkje fører til luktulemper for naboar og lokalmiljø».

Avviket er basert på følgjande observasjonar

1: Fjon Bruk AS kan ikkje dokumentere at dei stetter kravet om minst 50 % reduksjon av organisk materiale. Dei har gjort målingar av avlaupsvantet før og etter reinseanlegget, men kan ikkje presentere målingar som syner reinseeffekt.

2: I resipientgranskinga frå 2014 var diversitetsindeksen H' kome ned i 2,51, og tilstandsklassen etter Miljødirektoratet si klassifiseringsrettleiar 2:2013 var kome ned i moderat (tilstandsklasse III).

I resipientgranskinga frå 2014 står det m.a.: *Dette kan ha påvirket både de observerte forholdene i sjøområdet og oksygenforbruket i dypvannet, og begge deler kan være med å forklare den negative utviklingen med endring i miljøtilstanden på bløtbunnsfaunaen siden sist undersøkelse i 2011.*

Resipientgranskinga syner at det har skjedd endringar i botnfaunaen i Ålfjordbotnen og resipienten ber preg av å vere påverka av forureining, jf. resipientgranskingane i 2012 (Uni Miljø rapport nr 1-2013) og 2014 (Rådgivende Biologer AS rapport nr. 2056).

Vi observerer at det ikkje er samsvar mellom formuleringane i resipientgranskinga om omfanget av utslepp og kva som blir meldt frå Fjon Bruk AS. I rapporten står det: «*Den siste tiden fram mot undersøkelsen i 2014, hadde en imidlertid hatt driftsproblemer ved renseanlegget, som gav tilfeller med sporadiske tilførsler av urenset avløpsvann direkte til Ålfjordbotn. Dette kan ha påvirket både de observerte forholdene i sjøområdet og oksygenforbruket i dypvatnet*».

Fjon Bruk AS har allereie bestilt ny resipientgransking som skal gjennomførast i løpet av vinteren (januar – mars) 2016. Denne vil kunne gje meir kunnskap om samanhengen mellom utslepp og miljøtilstand. Oppfølging på dette punktet etter tilsynet blir når rapport frå resipientgranskinga er ferdigstilt.

3: Fylkesmannen har mottatt fleire klagar frå naboar på luktproblem. Lukta kjem i all hovudsak frå oppsamlingstanken for fiskeslam.

Fjon Bruk AS har hatt problem med stabilisering (pH justering) av slammet, slik at dette produserer sterk lukt. I tillegg er tanken ikkje tett, slik at gass kjem ut. Det er gjort nokre tiltak i form av ventilasjonsanlegg og reinsing av lufta med ozon UV filter, men desse tiltaka har ikkje vore tilstrekkelege. I tillegg til UV-filteret har verksemda vurdert å montere kullfilter på

utsleppet. Under tilsynet vart det forklart at problema med stabilisering og pH justering av slammet òg var eit resultat av at anlegget var gått tom for lut og dermed ikkje kunne heve pH tilstrekkeleg slik at den vart liggjande mellom 10 og 12. Det er og eit problem når tanken blir tappa for langt ned slik at det ikkje blir omrøring i slammet.

Verksemda har ikkje hatt ein dokumentert systematisk gjennomgang av avlaupssystemet inkludert reinseanlegg og slamtank.

Avvik 2: Internkontrollen er mangelfull på einskilde punkt

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse,- miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 2. ledd punkt 7

Kommentarar til regelverket
Den som er ansvarleg for verksemda skal sørgje for at det blir innført og utøvd internkontroll i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar. Dette inneber systematiske tiltak for å sikre at regelverket, blant anna på forureiningsområdet blir følgt. Rutinane skal vere skriftlege.

Skriftlege rutinar for å unngå utslepp til ytre miljø, § 5 punkt 7
Internkontrollforskrifta krev at verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø,- og tryggleikslovgjevnaden. Arbeidsrutinar må dokumenterast og systematiserast slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Avviket er basert på følgjande observasjonar

Fjon Bruk AS har følgande mangelfulle skriftlege rutinar/prosedyrar (lista er ikkje uttømmande);

- drift av reinseanlegget og avløpssystemet, inkludert sjekkliste og driftslogg for kva som er kontrollert
- stabilisering av (tilsetjing av kalk og lut) slammet
- tømming og henting av slam av bønder

8. Merknader

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader ved tilsynet.

9. Andre forhold

Utslepp til Fjonelva

Under tilsynet var det synfaring for å sjå på nokre av dei tilhøva det har vore klagar på.

Vi har mottatt klage på at det er avlaup frå tanken for oppsamling av slam til Fjonelva. Under tilsynet vart det konstatert at det er eit avløpsrøyr som har utslepp til elva. Denne dagen rann det klårt vatn frå dette røyret (20 til 30 l/min). I følgje Fjon Bruk AS kan ikkje dette vatnet

kome frå slamtanken, då tanken er tett og den kan berre tømmast gjennom tappeanlegget. Det er eit avløpspunkt på utsida av tanken for å samle opp eventuelt søl ved fylling av traktortank. Området kan då bli spylt, og blir så pumpa tilbake til oppsamlingstanken. Kjelda til dette avløpet kunne ikkje identifiserast, men Fjon Bruk AS skal sjekke dette. Det var synlege spor av organisk materiale ved dette avlaupet, jf. foto synt under. Verksemda tok prøvar av slammet for analysar.

Vi ber om resultat frå desse prøvane og ei vurdering av avlaupssystemet kring slamtanken.

Utslepp via avlaupsrøyr til Fjonelva. Det rann klårt vatn frå røyret, men det var tydelege spor i terrenget av utslepp av organisk materiale, og misfarging av elvebotnen ved dette utsleppspunktet. Foto: Fylkesmannen i Hordaland

Naboklagar på utslepp til sjø

Under tilsynet vart det og gjort ei synfaring i strandsona ved campingplassen. Som det syner på fotoa under, vart det funne spor av det som kan ha vore oppblomstring av grønalgar som var blir skylt inn på stranda. Det er ikkje mogleg å påvise at desse observasjonane kan forklarast med utsleppshendingar på Fjon Bruk AS.

Om slike hendingar skjer på nytt, vil det vere viktig å sikre prøver at materialet for å kunne spor opphavet til det organiske materialet.

Synfaring i strandsona. Her var det oppsamling av noko som kunne sjå ut som oppvekst av grønalgar som følgje av gjødsling (utslepp av organisk materiale). Foto: Fylkesmannen i Hordaland